

BOKN BYGDABLAD

NR. 5 - JUNI 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

FLAGGRUTA GÅR FORBI



Sidan 1. mai har flaggruta gått forbi Bokn. Ruteselskapa har hatt ein mindre nedgang på trafikken over Føresvik, og har søkt om å sløyfa anløp av Føresvik. Inntil saka er ferdigbehandla av fylkessamferdselsstyret og departementet har Flaggruta fått godkjend ruter utan anløp av Føresvik. Bokn og Tysvær kommune har i høyringsuttaler sagt at dei er negative til at anløpa vert sløyfa.

TOMANNSBUSTADENE I FØRESVIK:

Den første skal nå på tvangssal

Historia som Haugesunds Avis presenterte tidlegare i år, om bustader rundt i distriktet av ulik kvalitet og mykje om og men, er ennå ikkje slutt. Også i Føresvik er det sett opp slike bustader, men nå er det kome oppmoding frå Den Norske Stats Husbank om tvangssal på ein av tomannsbustadene. Det gjeld den bustaden som vart først bygd. Sidan tidleg i fjor haust har det ikkje budd folk i dei to først bygde tomannsbustadene, og på grunnlag av avisskriveria kor det også kom fram ein del om det økonomiske

aspektet, var det nok dei som venta at tvangssal ville kunna bli resultatet. Det er krav på over 1.2 mill. kr. i bustaden frå 4 kreditorar, og Bokn kommune er ein av dei minste kreditorane med eit krav på kr. 47.000,- som kjem etter Husbanken som har krav på over 1 mill. kroner.

Ein er ikkje kjend med kva som skal skje med tomannsbustad nr. to som ligg på nedsida av vegen. Ein tredje tomannsbustad er også bygd i same klynga. Denne ser ut til å vera av betre standard, men har også stått tom ei god tid.

BOKN HANDELSLAG OMSETTE FOR VEL 11 MILLIONAR KRONER I 1994.

***NEDGANG PÅ 3,3% FRÅ 1993 SKULDAST STOR SVIKT I
OMSETNING AV DRIFTSMIDLAR***

I fleire år har nedgangen i omsetning på driftsmidlar vore så stor i Bokn Handelslag at omsetningsauken i daglegvarer ikkje har klart å oppvega dette. Styret meiner likevel at det nå synes som at dette i 1995 flatar ut, og at ein kanskje vil få ny total auke i omsetning frå 1995.

Det som har prega den største daglegvarebutikken i Bokn det siste året, har vore ei omfattande oppdatering og fornying av butikken. Det har vore utført ei omfattande opprusting av interiøret, med fornying og nyinnkjøp av kjølediskar. Dessutan er det innført såkalla scanning i kassane, og medlemskort til medlemene. I årsmeldinga for 1994 meiner difor styret at Bokn Handelslag nå står godt rusta til å konkurrera i pris og service. Bokn Handelslag har også den høgaste medlemsbonus i distriktet på 5%.

SANERING AV GJELD

For å styrka framtidig konkurransesituasjon har Bokn Handelslag dei siste åra gjennomført mange tiltak. Eitt av desse har vore sanering av uteståande gjeld. Tidlegare kunne folk «krita» det dei handla. I dag er det innført kontant betaling.

KVINNER I LEIINGA

Som ny leiar i styret for Bokn Handelslag kom Jorunn Schmeichler

inn som ny. Med seg i styret fekk ho Trine Grønnestad og Hans J. Ovidth. I dag er vel ikkje dette noko å skriva så mykje om, men det er tross alt ikkje dagleg kost at kvinner er så godt representerte i styre og stell. Dei vil sikkert greia det godt.

NYE BENSINTANKAR

Nåverande plassering av bensinpumper ved handelslaget er dårleg. Dei står mellom eit av lagerinngangane og hovudinngang til butikken. Bensintankane må i alle tilfelle snart skiftast, og det har i møte med kommunen vore framlegg om å plassera tankar og pumper nord/aust for venterommet for hurtigbåtane. I så fall er det planen å fylla ut masse på nordsida av butikken slik at ein kan få til ei rundkjøring rundt handelslaget. Det vil då bli enklare trafikkforhold i området.

BOKNANATUREN

På årsmøtet som var fredag den 7. april på Bokn skule, hadde naturfotograf Dag Brynjulfsen etter matøkta eit foredrag med nydelege bilder frå Boknanaturen. Her var det lysbilder i fin natur av ville dyr, fuglar, insekt, naturformasjonar og naturstemningar som mange sikkert ikkje hadde sett før. Det var ei fantastisk oppleving.

MINNEORD

Gunda Thuestad er død, 81 år gamal. Ho var fødd på Nedrebø på Austre Bokn, og dei var 5 sysken. Gunda var den sist attlevande av desse.

I ung alder arbeidde Gunda heime, m.a. hadde dei telefonsentral kor ho hadde arbeid både inne og ved å gå med telefonbod og telegram.

Gunda vart i 1939 gift med Jakob Thuestad, og dei busette seg på Trosnavåg kor dei dreiv gard. Her fekk dei 4 barn, men miste to av dei. Ein gut var død ved fødselen, og ein døydde før eit år var gått. Dei to andre var døtre. Desse har begge eigne familiar og bur på Jørpeland og på Kvitsøy.

Som husmor på gard hadde Gunda nok av arbeidsoppgåver. Ho var ei god mor og seinare bestemor. Ho var ei tid med i foreningsarbeid.

Seinare bygde ho og ektefellen nytt hus i Føresvik, og flytte dit. Han døydde for ein del år sidan.

Gunda var ei gild kvinne som gjorde størst innsats i heimen. Av nær familie lever to døtre, svigersøner og 4 barnebarn etter henne.



Føresvik, mai 1995

Sikrere ferie - med "reisepakken" fra SR-BANK!

Reisepakken inneheld:

- Personkort til halv pris første året.
- Heilårs reiseforsikring gjennom Europeiske Reiseforsikring AS
- Heilårs avbestillingsforsikring for alle enkeltreiser over kr. 1000.
- VisaPhone. Gratis å oppretta. Enkel i bruk på reiser.
- Gratis valutavekslingskort og lommebok med på reisa.

Ta gjerne kontakt med SR-BANK for nærare informasjon.

FIN MARKERING AV FRIGJERINGSJUBILEET I BOKN

Det var ei fin og verdig markering av 50-års frigjeringsjubileet i Bokn den 8.mai. Markeringa starta med at speidarane leverte ut eit fredsbudskap til alle heimane. På føremiddagen var det Fredsgudsteneste i Bokn kyrkje med etterfylgjande nedlegging av blomar på graver til krigsseilarar og ein som hadde vore fange i konsentrasjonsleir under krigen. Deretter gjekk det fredstog frå kyrkja til skulen med musikkorps. Klokka tolv ringde kyrkjeklokkene for fred som elles i landet.

Programmet i gymnastikksalen etterpå var både omfangsrikt og interessant. Det var prolog av Olaug Hognaland, forteljingar frå krigen av Erling Sundvor, og fleire klassetrinn hadde laga dramatiseringar frå krigens dagar som dei synte fram. Det var også intervju av boknarar om ymse opplevingar og daglegliv frå krigstida, og musikkinnslag av Jardar Havikbotn og Daniel Thuestad kor dei spela musikk som var populær i krigstida.

I det heile eit fint, interessant og minnerikt program som jubileumskomiteen skal ha all æra for. Bokn skule som hadde dette emnet som prosjekt hadde også gjort ein flott innsats, ikkje minst med at elevane ved aktiv deltaking kunne få innblikk i kva som hadde hendt, og kor viktig arbeidet for fred er.

8.MAI 1995

Prolog av Olaug Hognaland til 50-års jubileet for frigjeringa

Ein tidleg vårmorgon meldinga kom, som me visstnok hadde høyrte varsel om.

Framande tropper var gått i land, Norge var kome i fiendehand.

Verda fall saman for nokon kvar, dei tenkte på sine, og undrast kvar dei var.

Ennå etter fem og femti år me minnest like klårt kor alt var uhyggjeleg, bittert og sårt.

Me kunne ikkje rektig få sagt dette ord. «Krig» er det verste ordet på jord.

Fienden kalla seg «vernemakt», me skulle vera trygg med deira vakt.

Me hadde høyrte om krig av mor og far, så visste me kva rasjonering var.

Men me måtte vel tåla det, berre me fekk leva og vera i fred.

For å kjøpa nå, så måtte me ha kort, dei eldste snakka mest om kaffiskort.

Me måtte blenda kvar ei vindusrute, så ikkje lampetiren viste ute.

Verre blei det som tida gjekk, og ringare var det grannet me fekk.

Den tilmålte skvetten med parafin skulle rekkje til primus og lampeskin.

Butikken var halvtom, rasjonane små, me tok til takke med det som var å få.

8.MAI 1995, framh.

Matauk, det var tida sitt ord, ein måtte nytta kvar meter med jord.
Dei som hadde ein hagefleck, kunne setja poteter, og avling dei fekk.
Gode poteter og sild på fat, det var kjærkomen middagsmat.
Lukkeleg var mor når alle var mette, og trong ikkje bli minnt om å spara på fettet.
Som vanleg silda trekte mot land, dei måtte på fiske alle mann.
Om dagen gjekk det nok an å gå, verre var det når kvelden kom på.
Svarte lykter og slokte lanterner, ikkje støtt var det måne og stjerner.
Reddast var dei som heime sat, og låg vakne i den mørke natt.
I mange heimar sakna dei ein mann, han var sjømann, og ute i strid for sitt land.

Men mest gjekk livet sin vande gong, med barneskrik og voggesong.
Og heile familien gledde seg stort over ekstrarasjonar og kveitemjølskort.
Sanning i ordtøket fekk me finna,: Kva som skal til for å læra å spinna.
Bestemorsrokken, den kom nå til æra, i mange heimar sjøl mor måtte læra.
Ulldotten minka og kardane reiv, foten trødde og hjulet sveiv.
Resultatet var ikkje alltid så flott, men sokkane varmde like godt.
Me var litt loslitne etter kvart, å skaffa seg nytt, det var ikkje rart.
Frakken og kåpa var falma, men pytt, me spretter og snur, så blir det som nytt.
Kvar ei julehelg så tenkte me: Til neste år, så er det sikkert fred.
Det var fest på huset med juletrégong. den kjende, kjære julesong.
Då trongst ikkje nokon matkomite, for alle hadde sin matpakke med.
Og folket kom saman og hørde Guds ord, i kyrkje og bedehus flokken var stor.
Det var song og musikk av ymse slag, losje og kristeleg ungdomslag.
Å ikkje feira grunnlovsdagen, det var sårt, men vona om ei anna tidga mot i sinnet
vårt

Inni skapet låg det eit lite flag, me såg på det ofte, og tenkte, ein dag,
skal det bærast av barn med løfta hand, som lever i fritt og sjølstyrt land.
Og dagen kom, me gløymer aldri det, ordet gjekk over alt: «Det er fred!»
Det er mai, vårt såkorn er kome i jord, nå kan me hausta til eige bord.
Snart er det syttende , dagen er vår. Takk Gud, for eit velsigna år!

***La oss - med Guds
hjelp - kjempa for***

fred

- i vår heim

- i vårt land

- i verda

NOMINASJONAR TIL KOMMUNEVALET I HAUST

På grunn av at eit namn var falle ut på kr.F. si nominasjonsliste i forrige bygdablad, kjem alle listene på ny:

Kristeleg Folkeparti:

1. Sigurd Johnny Svendsen
2. Ingrid Blikshavn
3. Harry Vågshaug
4. Gunvor Øvrebø
5. Sigmund Alvestad
6. Sverre Øvrebø
7. Evy Vågshaug
8. Ottar Borgenvik
9. Eli Kro
10. Håvard Hetland
11. Hanna Alvestad
12. Anne Marie Bokneberg
13. Kari Are
14. Mary Øvrebø
15. Sigrid Jøsang
16. Margrete Jøsang
17. Karen Hetland

Senterpartiet:

1. Bernhard Våge
2. Sigrunn Hole Hosaas
3. Rune Vatnaland
4. Solrunn Alvestad
5. Trond Nedrebø
6. Marit Elin Våge
7. Johannes Nilssen
8. Bjarte Kro
9. May Jorunn Vatnaland
10. Daniel Thuestad
11. Inger Jøsang
12. Kleng Våga
13. Inger Sønnøve Bokneberg
14. Augustin Thuestad
15. Wenche L. Hvikbotn
16. Jan Are
17. Merete Alvestad
18. Alf Alvestad
19. Liv Vatnaland
20. Trygve Alvestad
21. Ragnhild Laupland
22. Solveig Våga
23. Gustav Solberg
24. Andreas Nemeth

Høyre

1. Svein Ove Alvestad
2. Helga Alvestad
3. Per Helge Sunde
4. Finn Kro
5. Hilde Marie Christiansen
6. Edgar Våge
7. Olav L. Rossebø
8. May Bente Alvestad
9. Harry Hognaland
10. Lars Sigmund Alvestad
11. Signe Skjelde
12. Jarle Larsen
13. Tore Øvrabø
14. Leonora Alvestad
15. Kjell Terje Bryningsland
16. Harald Nygård
17. Bjørn Jøsang
18. Else Strand
19. Leif Hansen

Arbeiderpartiet:

1. Birger Lindanger
2. Ingjerd Thuestad
3. Arne Hosaas
4. Marie L. Faye
5. Sigmund Våge
6. Laila Nemeth
7. Trond Almås
8. Liv Birknes
9. Steeven Høyland
10. Elisabeth Gundersen
11. Robert Frøiland
12. Solveig Ørjansen
13. Fredrik Faye
14. Marit Markhus
15. Harry Bokneberg
16. Bjørg Alvestad
17. Geir Aksdal
18. Erna Aksdal
19. Helge Solberg

**Bli klokere
på biblio-
teket**



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : kl.16.00 - 19.00

TORS DAG : kl.10.00 - 13.30

LOKAL INFORMASJON

BIBLIOTEKET HAR SAKSPAPIRA TIL

- SKULESTYRE
- HELSE OG SOSIALSTYRE
- KULTURSTYRE
- TEKNISKSTYRE
- KOMMUNESTYRE



Klassikere

OM DU LIKAR HAMSUN ELLER DONALD, ELLER ER
PÅ JAKT ETTER OPPLYSNINGAR OM SÆRSKILDE
EMNE, GJER BIBLIOTEKET DET SOM ER MOGELEG
FOR Å SKAFFE DEG DET DU VIL LÅNE, **GRATIS!!!**

**BIBLIOTEKET –
gratis å spørje
gratis å få svar**

BOKN PLAST UTVIDAR

Som mange nå kan konstatera er nå arbeidet med ny stor produksjonshall ved Bokn Plast starta. Utfylling ved kaien i Føresvik er i gong, og det er slått ned pelar til den nye hallen. Det skal støypast fundament, og byggearbeidet vil pågå framover.

Olav Vetvik seier til bygdabladet at dei ventar at ny hall skal vera ferdig seint på hausten i år. Den nye produksjonshallen vil gi Bokn Plast mulighet til å produsera større einingar på fabrikkområdet i Føresvik. Hallen vil bli på 740 m²

SOMMAROPEN BARNEHAGE

Bokn kommunale barnehage vil ikkje stenga i sommar. Dette er vedtatt av skulestyret, og formannskapet er orientert om saka. Det vil seia at foreldre som har behov for det, kan ha barn i barnehagen når det elles vanlegvis er fellesferie. Det er ikkje alle arbeidstakarar som har høve til å ta ut ferien sin i juli månad, og for dei det gjeld er det ein stor fordel at dei kan ha ein trygg stad for ungene sjølv om dei skal arbeida i fellesferien.

TRIMFEST FOR ALLE

Sundag 25.juni 1995



***Dei som har vore med før, får
tilsendt brosjyre***

***Ved Bokn skule blir det som
tidlegare år kafe`med m.a.
grilla laks.***

ISTANDSETJING AV KÅRHUSET PÅ LAUPLAND

Bokn bygdemuseum eig kårhuset som står ved sida av Karmsund folkemuseum si røykstove på Laupland. Huset vart gitt bygdemuseet i gåve frå Ole Laupland for mange år sidan. Han ga også ein pengesum til reparasjon og vedlikehald som nå er på 23.000 kroner.

Ein ynskjer nå å få det i slik stand som det var då det var bustad.

Også når det gjeld sjølve bygdemuseet på Håland er det ein del

vedlikehaldsarbeid som må gjerast. Særleg er taket dårleg.

Fylkeskommunen vil gradvis trappa ned stønaden til bygdemusea, og Bokn kommune må etter kvart koma sterkare inn med tilskot. Alt frå 1996 vil ein fremja sak om kommunalt tilskot, slik at ein saman med fylkestilskotet kjem opp i ein sum på kr. 15.000,- årleg.

Bokn bygdemuseum har elles fått ei gåve frå Håland og Boknaberg 'Tryskjelag' på knapt kr. 1.000,-.

RASTEPLASS VED KNARHOLMEN

Det blir planlagt å laga til ein rasteplass med 8-10 parkeringsplassar og sitjegrupper i området ved avkjøringa frå RV1 og vegen inn mot Vestre Bokn. Rasteplassen vil bli plassert på venstre sida når ein kjører ned mot RV1 frå Vestre Bokn, og like ved krysset på øvre side av vegen som tar av ned til Knarholmen. Trafikken inn til rasteplassen vil ha innkjøring frå fylkesvegen og utkjøring til den

kommunale vegen som går ned mot Knarholmen.

På rasteplassen vil det også bli informasjon om Bokn, og det er søkt om å få opp flaggstenger og lysmaster i området.

Det er Bokn næringsforum og næringskonsulenten som arbeider med saka. Næringskonsulenten opplyser til bygdabladet at lys i krysset er inne i Vegvesenet sine planar, men at det ennå ikkje er avsett midlar i budsjettet.

SOMMARMARKNAD

I kulturkalenderen for våren 1995 står det at det blir sommarmarknad på kaien i Krojen den 8.juli



BOKN BYGDEMUSEUM

Visste du at Bokn i høve til folketalet har ROGALANDS BEST UTBYGDE BYGDEMUSEUM? I ungdomshuset frå 1908, ei perle i seg sjølv, ligg musèet flott til ved foten av Boknafjellet og berre nokre steinkast nord for klyngetunet på Håland eit par kilometrar frå riksveg 1.

Her er dei over 3000 gjenstandane ordna slik at du får eit breitt bilete av det gamle Bokn. Her kan du gå gjennom kjøkken, bestestove og soverom- alt som det var fyrst i vårt hundreår. Dessutan finst her skomakar verkstad, skulestove, fiske- og jordbruksavdeling slik dei var for generasjonar sidan.

Ta deg ein tur til fortida, besøk BOKN BYGDEMUSEUM.

Opningstid: kvar sundag kl. 1500-1800 i månadane juni, juli og august.

Velkommen innom!





BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET
4290 BOKN
TLF 52 74 85 00
FAX 52 74 86 77

KONSERT

2. PINSEDAG KL. 16.00 PÅ SKULEN.

Bokn Brass og Bokn skulekorps inviterer til konsert i pinsen.

Det er vel ikkje noko nytt at korpsa her i kommunen for tida ikkje er fulltallige, og på konserten får du svaret på kva som skjer når to halve korps slår seg i saman i konsertsamanheng. Desse fellesstykkene er kjende tonar i pop- og negro spirituals-stil.

Korpsa vil også ha kvar sin liten avdeling åleine, med lettfatteleg og iøyrefallande musikk. Ja, kanskje blir det også ein kjend marsj til slutt.....

Du vil også på konserten få høyra innslag frå musikklinjeelevar ved Skeisvang!

Ta deg tid til ei koseleg musikkstund på ettermiddagen 2. pinsedag. Du er hjarteleg velkomen! *Gratis entré*

- kulturleiaren -

BOKN KOMMUNE

TELEFON 52 74 85 00 - TELEFAX 52 74 86 90
4290 BOKN



UTBETRINGSSTILSKOT OG LÅN 1995

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetningsarbeid - t.d. innstallering av bad/WC, isoleringsarbeid m.v.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekts og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene oppsett av bygningsmann.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 1. juli 1995.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,
Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonsar: KR. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT:

- 05.06: (2. pinsedag)Korpskonsert
kl.16.00. Sjå omtale.
- 07.06: Basar på Bokn skule kl. 19.30
Arr: Bokn sanitetsforening
- 13.06: Møte på Bokn bedehus
kl.19.30. Tale av Kongevold.
Arr: Muhammedanermisj.
- 18.06: Møte på Bokn bedehus
kl.19.30. Gideon.
Arr: Norsk Bibelmisj.
- 23.06: St.Hans-feiring i Peraliaå.
Arr: Bokn KFUK/KFUM.
- 25.06: 4-BRUERSLØPET/
BRUAMARSJEN
Arr: Bokn idrettslag

**Kl.15.00 - kl. 18.00 kvar søndag er
det ope i Bokn bygdemuseum !**

**Takk for oppmerksomheten i
anledning min 70-års dag.
Augustin Jøsang**

**Kommunelege Lasse Inberg har
ferie frå 26.juni - 14. juli. I denne
perioden vil dr. Per Christensen
som tidlegare har arbeidd i Bokn
vikariera og ha kontordag for
pasientar på torsdagar. Datoane
blir 29.juni, 6.juli og 13.juli.**

Bokn sosialkontor



- 04.06: 1.pinsedag kl.15.00.
Høgtidsgudsteneste v/ Arne
Aurdal. Offer til Israelsmisj.
- 11.06: kl.11.00. Gudsteneste v/Arne
Aurdal.Offer til Menighetsfak.

LENSMANN

**Første fredag i kvar mnd.
kl. 10 - 12 i Boknatun**

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

FOTPLEIE

**Onsdag den 14.juni
Det blir ikkje fotpleie i juli, men den
9.august..
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 52 74 85 00**

**Helsestasjonen er stengd i veke 26
og 27.**

God sommar - helsing Eva

**Jeg har nå startet eget regnskaps-
kontor og blir å finne i banken
onsdager mellom kl.9 og 14. Ta
 gjerne kontakt på tlf. 52 72 70 22.
VS Regnskap - Vigdis Sandsgaard**